



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet		

152/231 - Søknad om dispensasjon - Snøkanonanlegg i omsynsområde landskap - Rukkemo - Torvetjønn

Vedlegg

- 1 Skjema
- 2 Tilsyn anlegg - grøft i omsynssone landskap


Dokument i saka

[Kommunedelplan Rukkemo - Torvetjønn](#)

Bakgrunn

I sommar blei det oppdaga gravearbeid i omsynsområde for landskap mellom Skisenteret og Holtardalen, og med bakgrunn i det reiste to frå plan- og byggesak på synfaring 18. august. Rauland Skisenter blei kontakta og kommunen fekk informasjon om at gravearbeida skuldast byting av vassleidning til snøkanonanlegget til Rauland skisenter.

I etterkant har Rauland Skisenter sendt inn søknad om dispensasjon for å krysse omsynsområde landskap med traseen. Den nye leidningen er ei oppskalering av dagens leidning, og fylgjer eksisterande trase. Sjå tilsynsrapport.



Skravert felt er omsynsområde landskap i kommunedelplan Rukkemo – Torvetjønn. Grøft merka med raud strek.

Det søkjast om dispensasjon frå kommunedelplanens § 4.5 Omsynssone landskap. Innanfor området skal det takast særskilt omsyn til landskap.

Søknadens grunngjeving:

Rauland Skisenter har i god tro trodd at tiltaket ikke var søknadspliktig ettersom dagens rørtrase er tegnet inn og beskrevet på plankart for gjeldende reguleringsplan 152/1 Rauland Skisenter.

Det er svært beklagelig fra vår side at søknaden kommer nå etter at arbeidet er ferdigstilt. Arbeidet i LNF området var planlagt og ble utført på den tørreste delen av sommeren, og det ble gjort så mange avbøtende tiltak som mulig for å forhindre skade i LNF området.

Bakgrunnen for misforståelsen er ny KDP hvor en mindre del av nå har fått status som LNFR-område i ny KDP.

Tiltaket er utført etter følgende prinsipp for å få så skånsom opparbeidelse som mulig:

- Det er ikke brukt singel/drenerende masser i parter med myr, slik at myras funksjon er opprettholdt.
- Det er ikke gjort endringer på bekker/vannføring i område.
- Gammel trase er peila/kartlagt og ny trase er etablert 1,5m i avstand, parallelt med den gamle. Dette for å unngå unødvendig forsøpling rester av gamle rør og ekstra transport i område for å få de gamle rør/kabler vekk fra området.
- Utførelsen er gjort etter en lang og tørr sommer, før det store regnværet satte inn.
- Rørutførelsen er etter metoden speilsveis, hvorav røret trekkes gjennom hele trasen i hele sin lengde med gravemaskin, dette er gjort samtidig som man har grav grøft.
- Grøfta er 60-120cm dyp og bryter ikke morene-laget som ligger under jordmassene.

Arbeidet innebærer også mindre endring av dam/kryssing av Leirbekk, her er det i hovedsak gjort utbedringer på allerede etablert vandam/kummer.

- Tilkjøring av steinmasser for å styrke dammens konstruksjon grunnet problemer med utvasking av eksisterende dam.
- Midlertidig kjørevei til leirbekk (tenkt endra til sti gangvei når tiltaket er ferdigstilt.
- Planering av stedlige masser i område for å bedre tilgang for den som ferdes i området/skiløypa som går forbi.

Vurdering

Vurdering frå rådgjevar plansak:

Delar av grøfta låg innanfor reguleringsplan for 152/1 Rauland skisenter på arealføremål anna spesial (Sp1) og såleis i tråd med føremålet:

4. Spesialområder

a) Områdene Sp1, Sp2 og Sp3 er regulert til spesialområder.

b) Området Sp1 er regulert til skibakkeområde. I området kan innpasses bygg og anlegg som har tilknytning til driften av skibakkeområdet.

Delar av grøfta gjekk ut over reguleringsplanen og inn i KDP Rukkemo-Torvetjønn, innanfor arealføremålet idrettsanlegg noverande (I):

3.6. Alpinanlegg

For alpinområde som er unnateke frå plankravet, skal det ligge føre godkjent opparbeidingsplan som viser detaljert arealbruk med plassering av tekniske installasjonar, bygningar, terrenginngrep og eventuelle stigar og langrennsløyper som kryssar området.

Heisar og nedfartar skal leggst mest mogleg skånsamt i terrenget. Det skal ikkje etablerast vegar innafor områda, heller ikkje anleggsvegar. Opparbeidingsplanen skal vise eventuelle turvegar som gjev køyretilkomst til heisanlegga. Det skal takast omsyn til stigar og langrennsløyper som går gjennom alpinområda.

Som del av dokumentasjonen skal det følgje/gå fram:

- Landskapsverknad (3D-modell, fotomontasje eller liknande)
- Profildeikning som viser eventuelle kryssingspunkt for langrennsløyper. Kryssingspunkt bør leggst i parti med låg helling.

Delar av grøfta gjekk ut over reguleringsplanen og inn i KDP Rukkemo-Torvetjønn, innanfor arealføremålet LNFR og omsynssone landskap (H550), tiltak i dette arealføremålet er i strid med overordna plan og må søkjast om:

3.9. Landbruks-, natur- og friluftsføremål

Det er ikkje tillate å sette opp andre bygningar og anlegg i LNF-områda enn nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytta næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag og for friluftsføremål.

Omsyn til landskapsverknad, naturkvalitetar og om tiltaket fremmer ønsket kanalisering av ferdsel skal vektleggast i vurderinga.

4.6. Omsyn landskap (H550)

Innafor områda skal det takast særskilt omsyn til landskap.

Tilhøve til myr:

Myra i grøfta varierte frå 0,5 m til over 2 m. Grøfta er i all hovudsak lagt i overkant av myra. Dette gjer til at myra sin økologiske funksjon vert oppretthalde. Dersom grøfta hadde vore lagt lenger ned i myrdraget ville dette ført til at myra sin økologiske funksjon vert øydelagt, noko som ville hatt ein meir uheldig påverknad på naturmangfaldet.

Vurdering byggesak:

Det eksisterande anlegget som er oppgradert var lovleg etablert i høve tidlegare kommunedelplan. Tiltaket er utført i eksisterande trase, slik at ein har teke særleg omsyn til landskapsområde.

Når ein skal vurdere om ein skal gje dispensasjon, så må ein sjå om ein set omsynet bak føreseigna vesentleg til side. I denne saka set ein ikkje omsynet til side når ein oppgraderar leidning i eksisterande grøft. Det omsøkte tiltaket gjer ikkje ytterlegare skade på landskapsområde eller myr. Det eksisterer allereie sti / turveg på traseen. Ein kan heller ikkje sjå andre ulemper ved tiltaket.

Fordelane ved tiltaket er nok vatn til snøproduksjon. Det er òg ein fordel at det er meir ryddig rundt dammen som tidlegare er etablert.

Etter ei samla vurdering vil kommunedirektøren rå til å imøtekome søknaden då fordelane er klart større enn ulempene, og vilkåra for dispensasjon etter pbl § 19-2 er oppfylt.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

I medhald av pbl § 19-2 gjev Plan- og miljøutvalet Rauland Skisenter AS dispensasjon frå kommunedelplan Rukkemo – Torvetjønn 20160009, § 4.6. Dispensasjon gjeld oppgradering av vassleidning til snøkanonanlegg, slik det går fram av saka.